



Kristian Bringedal fortel om dalen og fjella.

Mellom 20 og 30 medlemmer i Løfallstrand Bygdalag kom til Uskedalen i dag. Med frammøte på Haugland skulemuseum, tur til Friheim gardsmat og Fjellandsbøle og avslutning på museumsdagen på Rød, ja, så må ein sei at det vart ein innhaldsrik dag for våre gjester frå Løfallstrand.



[Friheim Gardsmat fortalde om drifta og baud på smaksprøvar.](#)

Presis kl. 12 starta skuledagen på Haugland skulemuseum. Med opprop og fleire fag i kortform vart det synt stor kunnskap og flid frå elevane i den samla klassen i skulestova. På timeplanen stod bibelsoga, salmesong, norsk, skjønnskrift og landkunna. Det var imponerende kva desse elevane frå Løfallstrand kunne. Turen gjekk vidare til Fjellandsbøle der det vart lagt inn matpause. Alle hadde niste med. Veret var fint. Naturen er vill og vakker. Kva meir kan ein ynskja seg i ei slik stund.

Eit stopp og møte med Bjørg Inga på Friheim Gardsmat er alltid vellukka, eit møte med ein familie som har skapt seg ei næring med kjøttproduksjon øvst i Uskedalen. Uskedalsdagen vart avslutta på Bygdetunet Rød med gudsteneste, utstilling og styltegang.



Gammaldags skuletime med skulemeister Bringedal

Tekst: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland
Foto: Karen Løvfall Våge